



MOTORPSYCHO TIL OSLO KONSERTHUS

Rocketrioen frå Trondheim er invitert i 40-årslag til Oslo Konserthus i år og spelar konsert der for første gong laurdag 23. september.

– Vi har lenge ønskt oss Motorpsycho til konsertset, seier prosjektleiar Pelle Neraasen til Musikknyheter.no.

Det snart 30 år gamle bandet kjem med ny plate i september og legg ut på europaturné.



Man Forever alias John Colpits.

Fleire av dei er for New York-institusjonar å rekne: Ingen ringare enn Ira Kaplan og Georgia Hubley frå Yo La Tengo dukkar opp for å syngje i den viltre, jazza rytme festen som er opningssporret «You Were Never Here». Vesle «Debt and Greed» ber på umiskjennelege ekko frå tallause Brian Eno og David Byrne-samarbeid, ikkje minst i bruken av kor og blåsarar, og står med sine vel tre minutt fram som eit behageleg, vimsete kvileskjer. Og ein kunne ha fylt heile denne sida med eit essay om «Ten Thousand Things», som når ein slags kulminasjon i eksalterte elgitarkrumspring.


dei siste knappe tju minuttar av albumet, der «Twin Torches» leier til avsluttande «Catenary Smile». Det heile opnar i det korale, før Laurie Anderson dukkar opp, med gnistrande fiolin og dempa røyst, mot ein kvervelstraum av dundrande rytmar. Refererer tittelen «Twin Torches» til eit melombels monument som lét to lysstrålar peike til himmels frå ruinane etter tvillingtårna som fall? Ikkje godt å seie. Men ein ting er sikkert: Det er sjeldan ein høyrer eit album som er så uredd, leikande, utforskande og medrivande som *Play What They Want*.

ØYVIND VÅGNES

Øyvind Vågnes er forfattar og fast musikkskribent i Dag og Tid.

HØGDEPUNKTET TIL SLUTT

Mykje å glede seg over, altså. Høgdepunktet kjem likevel i



KLASSISK

SJUR HAGA BRINGELAND sjurhagbring@gmail.com

Songar utan ord

Marie-Luise Hinrichs har gjort klavermusikk av Pergolesis *Stabat Mater*.

CD



GIOVANNI BATTISTA PERGOLESI:

Stabat Mater
MARIE-LUISE HINRICHS, KLA-

VER. CPO 2017

JAMFØRINGAR: IL BAROCCHISTI/FASOLIS (ERATO 2003), AKADEMIE FÜR ALTE MUSIK BERLIN (HARMONIA MUNDI 2010)

Stabat Mater av Pergolesi er eit av verdas mest framførte og innspelte kyrkjeverk. Men versjonen til pianisten Marie-Luise Hinrichs er ulik alle andre: Ho spelar heile det tolvtsatsige verket, som opphavleg er komponert for sopran- og altolist, strykarar og basso continuo, på klaver. Fungerer slikt?



Den italienske barokkomponisten Giovanni Battista Pergolesi (1710–1736) døydde av tuberkulose alt som 26-åring. Foto: Wikimedia

MARIAS KLAGE

Stabat Mater er ei latinsk kyrkjehymne frå 1200-talet. Ho handlar om Marias klage over sonetapet, og blei i katolsk liturgi framført fredag før palmesundag. Mange kjende komponistar har sett tone til hymna: Palestrina i 1590, så Vivaldi, Haydn, Rossini, Verdi, Dvorák, Poulenc og Penderecki, fram til Pärt gjorde det i 1985. Men tonesetjinga til Pergolesi er definitivt den mest kjende, og – på same måte som Händels *Messias* – eit sjeldsynt med ei ubroten framføringshistorie fram til vår tid. Det at verket blei til berre nokre få veker før han døydde av tuberkulose, 26

år gamal, bidreg òg til å gjevast det ein mystisk nimbus.

MEIR KONTEPLATIVT

Måten Hinrichs har omarbeidd og framfører stykket på, er på ingen måte barokk. For det fyrste spelar ho på eit moderne konsertflygel (ikkje på ein cembalo), for det andre held ho seg ikkje til barokke reglar for ornamentering. Ho legg heller ikkje til mange ekstra tonar i akkordane, slik det var vanleg i barokk akkompagnementpraksis. Slik får ho fram den eineståande klårskapen som kjennemerkar Pergolesis komposisjonar, og som gjer han til ein overgangsfigur mellom barokken og klassisismen.

Sjølv om eg er ein tilhengjar av barokk framføringspraksis, og var skeptisk då eg sette CD-en i spelaren for fyrste gong, blei eg raskt overtydd av prosjektet hennar. Sjølv sagt læt arrangementet svært annleis enn originalen – den største skilnaden er at songarane, og dimed *orda*, manglar. Men klaverversjonen får fram andre kvalitetar enn originalverket, for Hinrichs skapar eit mindre intenst og meir kontemplativt uttrykk.

SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er musikal og fast musikkmedlar i Dag og Tid.

Kjærleiksballett

CD



SERGEJ PROKOFJEV:

Romeo and Juliet, Op. 64

OSLO FILHARMONISKE ORKESTER;
DIR.: VASILY

PETRENKO. LAW0 2016

JAMFØRINGAR: LONDON SYMPHONY ORCHESTRA/GERGIEV (LSO 2010), BERLINER PHILHARMONIKER/ABBADO (DEUTSCHE GRAMMOPHON 1998)

Unge Vasily Petrenko frå St. Petersburg har sidan 2013 vore sjefdirigert for Oslo Filharmoniske Orkester, noko han kjem til å halda fram med i minst tre år til. Tolkinga hans av landsmannen Sergej Prokofjev lengste og mest kjente ballettmusikk *Romeo and Julie* (1938), er forfriskande usentimen-

tal, stundom jamvel humoristisk. Dei mange overgangane i tempo og uttrykk – balletten har heile 52 satsar – fungerer lytefritt. Særleg imponerende er den klanglege klåren

i orkesteret, der lyden av strykarar og treblåsarar blandar seg perfekt.

SJUR HAGA BRINGELAND



Den russiske komponisten og klaverspelaren Sergej Prokofjev (1891–1953) var òg ein god sjakkspelar. Foto: Wikimedia